


SNERTEN



Nr. 13
Desember 2016
Årgang 7

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum



100 år sidan den danske
musikkforskaren Hortense
Panum samla langeleik-låttar
i Valdres



Les også om

- **NLF-representant på 20-årsjubileum i Norsk Lur- og Bukkehornlag**
- **Aslaug Fossen-Helle, mor til langeleikgenser**
- **Lady Moscow med langeleik på ny plate**
- **rapporatar frå langeleikmiljøet fleire plassar i landet**
- **Rff-prisen til Sverre Jensen**

Leiaren har ordet:



Kjære venner -

Selv om langeleiken er et instrument som i enerom både åpner opp for meditasjon og en opplevelse av ren skjær lykke når du kjenner at den siste, innlærte låtten sitter i både hode og fingre , - gir det en helt spesiell glede å møtes til et fellesskap rundt et bord til øving og samspill.

I Oslo er langeleiken så heldig å få være et generøst tilbud gjennom Valdreslaget annenhver tirsdag. Noen ganger er vi ganske få, andre ganger langt flere – unge og litt eldre, flest kvinner – av og til en mann.

På Gjøvik har de lange tradisjoner for faste møtepunkter. Det samme på Kongsberg. Og nå arrangerer Sigdal museum kurs for de yngre. Kurs har det også vært i Sør-Aurdal, og vi vet det er planer om å styrke langeleikferdigheter både i Sarpsborg og Sogndal.

Av og til møtes vi på kryss og tvers av regioner og fylker. "Klangen før fela" på Riksscenen i hovedstaden en slik mulighet. Kappleik og Jørn Hilme-stemnet på Fagernes representerer flere.

Og i november pakket noen av oss ned langeleiken og dro til Kongsberg og til Svein Westad, som hadde fyrt opp peisen i det vakreste Galleri Åkern og funnet frem Telemarkslåtten "Er du gut – er du kar". Mange kjente hverandre. Ikke alle. Så fint med nye venner med instrumenter, med fersk kringle, grønn te – og pizza fra lokalt bakeri som kan det de lover.

Så er det ekstra hyggelig å fortelle at Svein Westad har sagt ja til å huse årsmøtet helgen 7.-8.januar 2017.

Jeg trenger en påmelding så fort du vet om du kan eller ikke. Kongsberg er rik på både idretts- og kulturtilbud,- og hotell- og herbergerom er attraktive. Plutselig er det opptatt.

Jeg har reservert senger på Kongsberg Vandrermuseum, Bergmannen. De tilbyr både dobbelt- og enkeltrom – inklusive frokost. Et hyggelig sted! Og i Galleri Åkern blir det årsmøte, spilling, god mat og godt drikke.

Bedre kan vi ikke få det!

Send din påmelding til l.davidandersen@gmail.com . Saker du ønsker skal opp på årsmøtet må være sekretæren i hende innen 15. desember.

Med ønsker om en koselig julehøytid og et nytt år av det aller beste-

Fra Lisbeth

Hortense Panum og langeleiken

**Hundre år sidan Hortense Panum samla langeleiklåttar i Valdres!
Ei lærerik markering i september 2016**



Den danske musikkforskaren Hortense Panum (1856-1933) var internasjonalt anerkjent for sitt omfattende arbeid med strengeinstrument frå middelalderen. Gjennom forskingsarbeidet sitt vart Panum svært begeistra for den norske langeleiken og meinte den også var ein del av dansk kulturarv.

I juli 1916 drog Hortense Panum til Noreg for å lære seg kunsten å spela langelek. Ho kom attende i 1917 og i 1920. Ho har skrive om desse turane i hefta ho gav ut, og ei viktig kjelde er breva ho skreiv til skulestyrar P. Sandvik på Hamar. Desse er svært detaljerte og gjev oss ei mengd opplysningar om langeleikspelarane og andre ho møtte på reisene sine. Dei teiknar også eit vakkert bilde av Hortense sjølv, og venskapa ho knytte til nokre av kjeldene sine.

Det er den danske granskaren Lisbeth Ahlgren Jensen som har funne fram og reinskrive desse breva til Sandvik som er på Nasjonalbiblioteket. Lisbeth Ahlgren Jensen er musikkforskar knyttta til Det Kongelige Biblioteks forskningsafdeling, og arbeider med ei bok om Hortense Panum.



Kjeldene til Hortense Panum, i 1916 og 1917.

Guri Torstad (1873 -1963)

Ola Brenno (1865-1957)

Marit Jonsrud (1860- 1930)

Johannes Halden (1884- 1936)

Ola Alfstad (1846 -1918)

Kari Rudi Fossum (1881-1949)

Andre ho møtte var Ole Thorsrud,(1859-1940), kontakt i Bagn

Anna Røvang, f. Kvishaugen, gift med Nils Røvang (1849-1934)

Sigrid Solheim, budde dør i dør med Marit Jonsrudbråten

Olav Moe (1872-1967), spelte hardingfele på Frydenlund

Anna Windingstad (1847- 19??)frå Volbu som ho trefte i 1920

Disse nevnes også:

Barbro Myhre (1893-1978) var på stølen

Guri Hegge (1884- 1976), var på stølen

Fru Moe, vertinne på Skammestein, skal kunne spele langelek

Kyrkjesongar Ola Hegge, langeleikmakar i Volbu
Niels og Kristine Hansen frå Vang, som vi ikkje har spora opp.

Det har vore utrøleg lærerikt å jobbe for å kartlegge kjeldene til Hortense. Eg har kome i kontakt med slektingar og etterkomrarar som har hatt mykje å bidra med. På konserten 7. september var dei fleste familiane representerte! Fleire var med på rundturen i øvre Valdres dagen før. Der fylgde me i Hortense sine fotefar og vart betre kjende med plassane ho var og kjeldene ho trefte.

Fyrste stopp var Lomen stavkyrkje, der Berit på Pynte var gravlagd. Ho hadde vore lærarmeisteren til Gudrid Thorstad. Ola Arne Ellestad, etterkomar etter bror hennar Gudrid, fortalte og synte oss tuftene etter Arnelund, der Hortense budde i fem dagar mens Gudrid lærte ho langeleikspel. Vidare drog me til Ellestad, der Gudrid vaks opp. Ola Arne baud oss inn på kaffe, synte fram fotografi og fortalte om familien. Fylgjet på 10 takka varmt for seg og drog vidare mot Søre Skjel, der Gudrid hadde gått på skikvar veke då ho var lærar på Høyne skule og omgangskulelærar i Søre Skjel.



Vidare gjekk turen om Røsshaugen, der Kari Fossum var fødd, til Solbakken, bygd av K.Ø. Rudi, der Ingvild Lie serverte langeleikspel i hagen. Neste stopp var Skammestein gard. For hundre år sidan var det skysstasjon her, og Hortense hadde oppsøkt Ola Alfstad for å lære om den lokale langelektradisjonen. Ho skreiv opp to klukkelåttar etter songen hans.

Høgdepunktet på turen vart nok Volbu kyrkjegard, der vi la ned blomar på grava til Marit Johnsrud. Oldeborna kunne fortelje om ein langeleikspelar som fekk mykje motbør i livet. For Hortense Panum vart ho ein ven for livet, og det strålande ettermælet Hortense gav henne vil bli ståande. 11 låttar lever òg vidare etter henne. Etter ein god gamaldags rast på plenen framom Løken, drog fylgjet til Fagernes, der vi oppsøkte huset Johan Fossum og Kari Fossum flytta med seg då dei flytte til Fagernes. Det var her Hortense oppsøkte Kari i 1916. Av slektingane fekk museet overrekt ein langeleik etter henne og mykje verdfullt materiale, som fortel om eit rikt og ærefullt liv med langeleiken etter at ho flytta til Oslo. Så runda vi av dagen med middag på Munkekroen.



Neste dag fekk Lisbeth oppleve Sivert Holmen formidle spelet til Olav Moe, som Hortense trefte på Frydenlund. Den planlagde turen til Bagn Bygdesaljing, Fredheim Hotell i Bagn og Frydenlund Skysstasjon i Aurdal får vi ta neste år, då vi håper Lisbeth

kjem attende for å fortelje om boka si om Hortense Panum! Då kan vi fortelje meir om hennar møte med Ola Brenno og Johannes Halden.



I konsertforedraget om kvelden fekk vi kjennskap til mennesket Hortense Panum, så vel som forskaren, alt krydra med låttar etter kjeldene hennar. 30 lydarar møtte fram, og det vart plass til gode og interessante møte.

No ligg det mykje spennande arbeid framom oss! Låttane skal lærest, livssoger

dokumentarast og vi ser fram mot godt samarbeid med alle dei flotte folka vi har blitt kjende med! Oldeborn og barnebarn etter Gudrid, Marit, Ola og Kari har fått større forståing for tradisjonane og verdien av arven dei er ein del av, og dei har fått treffe etterkomarane etter Johannes og Ola. Langeleikfamilien vår har rett og slett blitt større!

Langeleikhelsing frå Elisabeth Kværne, Valdres folkemusikkarkiv

Norsk Lur og Bukkehornlag 20 år



Inger Frøydis Bakken var utsending for styret i Norsk Langeleikforum til jubileumsfesten på Røros 1. oktober 2016 og har sendt oss denne rapporten:

Norsk Lur og Bukkehornlag hadde hatt årsmøte fredag 30. september, og konsert i Olavsgruva lørdag på dagen, med Mary Barthelemy som vertinne.

Jeg ankom Røros hotell på lørdag ettermiddag med mitt reisefølge.

Kl. 19.00 møttes vi til velkomstdrink i kongestua og fikk hilst på de andre deltakerne, før vi fikk en artig konsert med Hildegunn Øiseth og Frode Fjellheim.

Litt samisk joik, krydret med lur og bukkehorn.

Etterpå var det festmiddag i spisesalen. Odd Sylvarnes Lund var toastmaster. Vi fikk servert gravet ørret, reinsdyrgryte og Røros tjukkmelk med multer til dessert.



Foto: Ole-Anton Berntsen

Stemningen var god og talene mange, blant annet fra leiaren Jørn Simenstad og representanter fra andre innbudte lag som

spiller gamle folkemusikk-instrumenter; som Norsk Munnharpeforum og Norsk Kvedarforum.

Her er mitt bidrag til jubileumsfesten:

På vegne av styret i Norsk Langeleikforum vil jeg få takke for innbydelsen til denne festen og gratulere dere i Norsk Lur og Bukkehornlag med 20 års jubileet. Vi setter pris på samarbeidet for eksempel i Klangen før fela og kursing på Gjøvik.

I stedet for blomster, har jeg tatt med to symbolske instrumenter laget av Inger Norunn Solhaug.

I en alder av 20 år kan dere nå regnes som voksne karer, mens vi i Langeleikforumet, som ble stiftet i 2009, og er 7 år, bare er som småunger å regne. Derfor synes jeg det passer å synge en liten bånsull etter Anna Fuglesteg i frå Valdres.

Jeg fortalte litt om bakgrunn og innholdet i sangen, som selvfølgelig hadde med stutarhorn (bukkehorn) og fløyta i teksten; "So rugge mø, so ro mø..."

Gaven, som var to sølvbrosjer med lur og bukkehorn som motiv, ble svært godt mottatt.

Geir Egil Larsen ble utnevnt til æresmedlem.

Etter middagen var det nachspiel, med kaffe og kaker, krydret med spontane innslag av gamle folkemusikkinstrumenter. Ganske mange munnharper kom opp av lommene.



Foto: Webjørn Bakken

Søndag var det Folkemusikkmesse med messeledd fra Ål i Hallingdal i Bergstadens Ziir.

Det var en utrolig flott åpning med 11 lurer som stod høyt og lavt rundt i kirken. Det var flere innslag med bukkehorn og fløyter, foruten salmesang med gamle melodier.

Det var veldig kjekt å få være utsending på et så flott arrangement.

Inger Frøydis Bakken.

Mor til langeleikgenseren



– Heilt sidan eg kom til Valdres i 1963, har eg hatt så mykje glede av folkemusikken og folkemusikkmiljøet. Difor var det heilt naturleg å tilegne ein genser til folkemusikken, seier sylvsmeden og strikkedesignaren Aslaug Fossen-Helle i Sylvsmedvegen på Leira.

framsida av genseren «Langeleik». I «stolpane» på kvar side av leiken kjenner me att dei S-forma lydhola som me finn både på langeleikar og feler. Botnmønsteret både på bolen og erma er hjarte, ei form som òg ofte blir brukt på lydhøl på langeleikar.

– Eg er veldig glad i hjarte og har brukt hjarteforma i mykje eg har laga gjennom åra, både i smykke, saum og strikking, fortel Aslaug.

Hjartet er symbolet på kjærleik, og Aslaug er svært medviten om korleis ho brukar både former og farger.

– Då eg laga langeleikgenseren, valde eg ei varm raudfarge kombinert med sauebrunt og lilla. Dei fleste hadde nok ikkje tenkt at slike farger passa saman, men det gjer dei – når dei er kombinerte på rette måten. Langeleiken er ofte melankolsk og mollstemd i klangen, med ein djup og sår tone. Dei varme raud- og lillatonane understrekar dette, synest eg.

Aslaug fortel at ho sjeldan teiknar opp mønsteret før ho begynner å forme ein genser. Oftast brukar ho korte rapportar som går opp med masketalet.

– Men framsida av langeleikgenseren måtte eg teikne opp på ruteark, fortel ho.

Genserane hennar har ofte mange farger, og mange trur at mønstera er svært kompliserte. Men Aslaug kan fortelja at ho aldri strikkar med meir enn to trådar om gongen. Dei fine fargeovergangane får ho til ved å skifte ut ei farge om gongen.

I mange år arbeidde Aslaug som sylvsmed, saman med ektemannen Knut. Ho sydde og strikka når ho hadde stunder, men då Knut fekk hjerneslag i 1990,

tok ho for alvor opp strikkinga. Då kunne ho drive med arbeidet samtidig som ho sat hjå han.

– Den fyrste genseren eg laga, var «Tradisjon», etter inspirasjon frå kristnateppa i Valdres. Deretter kom «Sylvsmeden», som var tileigna Knut, og så «Langeleik» – tileigna folkemusikkmiljøet. Far min spela fele, og Knut, som var frå Setesdal, var jo sylvsmed og oppteken av folkekunst av fleire slag.

Det vart etter kvart mange fine genserar. Rauma kvalitetssikra oppskriftene, og Husfliden på Fagernes selde både ferdigstrikka genserar og oppskrifter med garnpakker. Aslaug er ikkje sikker på kor mange genserar ho har laga, men «Tradisjon», «Langeleik» og «Fagernes» er truleg dei mest brukte.

Det er ei stund sidan det har kome nye genserar frå Aslaug no, men kven veit, kanskje kjem det også ein felegenser med tid og stunder? Den fargeglade kunstnaren spreier iallfall glede kvar ho kjem, anten det er i frivilligarbeidet på Vikatunet på Fagernes, når ho kjem på øyre-nase-hals på Gjøvik, eller når ho stikk innom Amfi Valdres på Leira. Der har ho opplevd at ukjende har stoppa henne og kommentert den flotte fargebruken.

– Fargekjensla er eg fødd med. Eg har aldri brydd meg om fargeskalaer; eg kjenner berre inni meg kva for farger som passar saman og ikkje, seier Aslaug, som denne dagen er kledd i oransje, raudt, og svart – med eit raudt hjarte i øyret.

Aud Søyland

Langeleik-debut på julesingel



Folk-rock-bandet Lady Moscow har vært aktive i Norges musikkunderskog i snart ti år. Bandet har gjort seg bemerket blant publikummere både innenlands og utenlands med sin særegne "tomwaitske whiskybalkanjazzrock," med inspirasjon og elementer fra både østeuropeisk og norsk folkemusikk, så vel som blues, bluegrass, rock og americana. Med en akustisk besetning bestående av instrumenter som gitar, kontrabass, banjo, trekkspill og fiolin, i tillegg til slagverk og vokaler, er Lady Moscows sjangerlandskap kanskje best beskrevet som folk'n'roll. Og nå har også langeleiken funnet plass i Lady Moscows lydlandskap.

Etter at violinist Line Grenheim ble med på Valdreslaget i Oslo sine øvinger for et snaut år siden har nemlig langeleiken blitt en fast følgesvenn, og når bandet som forberedelse til bandets fjerde albumslipp bestemte seg for å spille inn en selvkomponert julelåt fikk felespilleren lov til å debutere med langeleiken på innspillingen.



Tross at den foreløpig har fått tildelt en beskjeden rolle i låta er Lady Moscow skjønt enige om at langeleikens vakre og klokkerene klang sammen med lyden av dombjeller bidrar sterkt til å skape julemagi i låta. Forhåpentligvis er dette bare være begynnelsen på langeleikens karriere som deltaker i Lady Moscow!

Julesingelen "You see me smiling," med langeleiken som medsammensvoren, slippes etter planen i starten av desember, og kan høres på Spotify så vel som gjennom bandets facebook-side.

Langeleiklaurdag på Hunn, Gjøvik

Vi var 8 langeleikspelarar som møttest laurdag 29. oktober. Dagen starta med kaffi og til oppvarming for fingrar og øyre spelte vi Huldrelått frå Hadeland /Torehallingen, i lyarslått tempo først, og så i hallingtakt.

Marit Steinsrud lærde oss Vals etter Barbro Myhre. Det var nytt stoff for dei fleste, og vi fekk med oss begge veka. Det er den samme Barbrovalsen som Marit lærde bort på spelekurset på Fagernes i sommar.

Vidare prøvde vi oss på Springdans frå Kolls-roa, det er opprinneleg ein feleslått etter Amund Fosnes som



Kjell Stokke hadde tillempa for langeleik. Notar på denne springdansen kan ein finne i boka "Nytt liv i gamle toner", ei bok med tradisjonsmusikk frå Biri, Snertingdal og Vardal/Gjøvik som Gjøvik spelmannslag samla og gav ut i 1987.

Samværet vart avslutta med litt "ønskekonsertspel" før vi pakka ned instrument og kom oss ut i ein vakker haustettermiddag. Tusen takk til Marit S for god instruktørjobbing !

Gudrun Havro

Samling i Kongsberg



"Er du gut er du kar..." Tusen takk til Svein Westad som hadde fyrt opp i peisen og invitert til samling rundt langbord i vakre galleri Åkern på Kongsberg. Så fint å ta med langeleik til sølvbyen på en vinterkald lørdag og lære ny lått fra Telemark! Og til alle dere andre som ikke hadde anledning til å være med denne gang,- gled dere til årsmøte i Norsk langeleikforum i januar 2017. For Svein har sagt ja til storsamling,- og bedre kan det ikke bli!!

Tekst og foto: Lisbeth på FB

Kurs i SørAurdal



Ragnhild Kolsrud var einaste deltakar på langeleikkurset til Begnaljom spel- og dansarlag.

Landskappleiken 2016 – klassene for langeleik

Landskappleiken var i Våga dette året, og deltakinga i langeleik var ikkje svært stor. All ære til dei som stiller opp!

Resultat:

Junior: Borghild Håvarsdotter Dalbø

Ingebjørg Hegge Bratud

Anette Søgnen

Senior: Lise Lunde Brennhagen

Marit Steinsrud

Anna Ødegården

Kenneth Lien

Lagspel Junior: Valdres junior- langeleiklag nr 3

Lagspel senior: Vårflaumen spel- og dansarlag nr 9



Klassevinnarane Lise og Borghild i Våga. Foto frå folkOrg sine sider

Utdrag av pressemelding:

Rff-prisen for 2016 blir tildelt Sverre Laumb Jensen

"Rff-prisen i 2016 går til Sverre Laumb Jensen fra Oslo. Med sitt store engasjement for de norske folkemusikkinstrumentene har Jensen gitt oppmerksomhet til en liten, men viktig del av den norske kulturarven. Gjennom sin store innsats med bygging av eldre folkemusikkinstrument har han fått status som nestor blant instrumentbyggere i Norge.

Med sitt smittende engasjement har han gitt inspirasjon til andre instrumentmakere og folke-musikere, og han har vært en kilde til kunnskap om norsk instrumenthistorie. Blant annet har han vært pådriver for å ta i bruk harpe, lyre og andre eldre folkemusikkinstrument og som i stor grad hadde gått ut av bruk.

Sverre Jensen har rekonstruert en rekke norske folkeinstrument: bondeharper, numedalslyra (kraviklyra) og ulike langeleiktyper. En del av instrumentene har han spilt på selv, som solist og i grupper han har ledet. Andre instrument er i bruk av profesjonelle og amatørmusikere rundt omkring i Norge. (...)

Mang en instrumentmaker har hatt glede av hans vakre og funksjonelle instrumenttegninger, og stadig flere bygger og spiller harper, lyrer og langeleiker etter Sverre Jensens instruksjoner. Det gror i Sverre Jensens fotspor!

Rådet for folkemusikk og folkedans vil med Rff-prisen hedre Sverre Laumb Jensen for hans store innsats for folkemusikken."

NLF ynskjer tillykke med prisen!

<p>Medlemspenger for 2016</p> <p>Kontingenget er uforandret fra i fjor, kun kr 200,- Medlemspengene betales til Norsk Langeleikforum. Merk betaling med navn.</p> <p>Kontonummer: 1503.14.71807</p> <p>Ved å være medlem i Norsk Langeleikforum får du lagsbladet Snerten to ganger i året. Du vil også få tilgang til egne sider på Norsk langeleikforum sine sider, samt informasjon om hva som skjer rundt i landet.</p> <p>NB: I år blir det ikke sendt ut giro – trenger du dette ta kontakt med kasserer Brit B. Totland, e-post:</p> <p>brit.totland@gmail.com</p>	<p>Styret:</p> <p>Leder: Lisbeth David-Andersen, tlf.: 958 07 024</p> <p>Styremedlem:</p> <p>Brit B Totland, tlf.: 934 15 674 Gudrun Havro, tlf.: 908 85 196 Sigurd Braathen, tlf.: 951 72 708 Rebecca Benedicte Solhaug, tlf.: 415 84 457</p> <p>Varamedlem:</p> <p>Inger Frøydis Bakken, tlf.: 918 30 447 Vegard Gundersen, tlf.: 977 50 268 Bjørg Berge, tlf.: 452 51 467</p>
--	--

Årsmøte 7. - 8- januar 2017

Set av dato for neste årsmøte. Det blir i vakre galleri Åkern på Kongsberg. Det blir overnatting på Kongsberg Vandrehjem. Program for helga og årsmøteagenda blir sendt ut i starten av 2017.

Heimeside:

www.langeleikforum.no

facebook: [Norsk langeleikforum](#)

e-post: langeleikforum@gmail.com



Tips og stoff til Snerten kan sendast gu-he@online.no eller til langeleikforum@gmail.com. Vi er svært takksame for innspel!